



KRAV OM STRYKING AV FRÅVÆR PÅ VITNEMÅLET

(Skjemaet må leverast eleven sin kontaktlærer innan **10.juni** kvart skuleår)

§ 3-41. Føring av fråvær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav **a** ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar* må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav **a** på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker **.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.

*Ver merksam på at helsegrunnar må forståast som både fysisk og psykisk helse.

** Permisjon §2-11 skal søkjast på førehand

Ved 1-3 dager skal kontaktlærer ha skriftleg melding. Kontaktlærer gir permisjon.

Ved 4 dager til 2 veker, nytt eige søknadsskjema. Rektor gir permisjon.

Rektor

Eleven sitt namn:		
Skule:	Klasse:	Skuleår:

1. Eleven har følgjande dokumenterte fråvær som ein krev fråtrekt på vitnemålet:

Årsak til fråvær:	Dato / Dagar:

2. Eleven har fylgjande dokumenterte fråvær der ein krev at årsaka til fråveret blir vedlagt vitnemålet:

Årsak til fråvær:	Dagar:	Timar:

Dato

Føresette si underskrift:

Kontaktlærer stadfestar at eleven har vist fram dokumentasjon på fråveret ovanfor:

Dato:

Kontaktlærer si underskrift: